

Referat frå omframnt årsmøte i BUL Molde

12.juni 2013 i Reknes ungdomshus

Frammøte: 14 medlemmar.

Leiar i arbeidsutvalet, Lars Staurset ønskte velkomen og la fram sakslista til godkjenning

Saksliste:

1. Formalitetar

○ Godkjenning av innkallinga

Ingen kommentar til innkallinga.

Lars Staurset la fram forslag om å ta inn ei ny sak 2 i sakista: Orientering og debatt om ny organisering. Møtet vedtok denne endringa.

○ Val av møteleiar

Forslag og val: Irene Møllersen Bell

○ Val av to skrivarar

Forslag og val: Torill Steien og Randi Reppe Bell

○ Val av to til å skrive under protokollen

Forslag og val: Sylvfest Bell og Bente Myklebust.

2. Orientering og debatt om ny organisering

Lars Staurset refererte om arbeid og forhandlingar med Tornekrattet om at Tornekrattet tar over den daglege drifta av Reknes Ungdomshus.

Møtet roste Lars Staurset og Byrge Fitje for det arbeidet dei har lagt ned i å få til gode avtalar og overgangsordningar.

3. Fullmakt for styret til å vedta nye vedtekter for Reknes Ungdomshus

Forslag: Styret i BUL, som årsmøte i Reknes Ungdomshus, får fullmakt til å vedta nye vedtekter i samsvar med framlagt forslag med endringar. Forslaget vedtatt.

4. Val av utsendingar til generalforsamling i Reknes Ungdomshus

Dette gjeld generalforsamling som skal haldast etter dei nye vedtektene.

Forslag: Byrge Fitje (etter valet på nytt styre) og Lars Staurset. Forslaget vedtatt.

5. Fullmakt for styreleiaren til å gjere avtale med Reknes Ungdomshus.

Forslag: Styreleiaren får fullmakt til å skrive under:

- a) Avtale mellom BUL og Reknes Ungdomshus
- b) Trepartsavtale om gjennomføring av ny organisering.


Forslaget vedtatt.

Avtalene skal leggjast ved møtereferatet i møteboka.


Etter møtet tok Byrge Fitje ordet, og takka og overrakte blomster til Lars Staurset for vel utført forhandlingsarbeid.

Randi Reppe Bell (referent)

Torill Steien (referent)



Bente Myklebust



Sylvfest Bell